

HALVÅRSPLAN musikk - 6. trinn - SINNES SKULE HAUST 2020

Lærer: Anne Grethe Nerheim Ådneram

Faget sin relevans og sentrale verdier: Musikk er eit sentralt fag for skaparkraft, kulturforståing og utvikling av identiteten. Gjennom faget får elevane grunnlag til å delta i musikk i eit livslangt perspektiv, og utviklar kompetanse i spel, song og dans, i å laga musikk og i å forma og forstå eit mangfald av uttrykk. Faget skal bidra til at elevane forstår korleis musikk både spring ut av kulturar, skapar kultur og bidreg til samfunnsendringar, og elevane skal få erfara at musikk kan bidra til livskvalitet. Faget skal førebu elevane på deltaking i samfunns- og arbeidsliv som har behov for praktiske og estetiske dugleikar, kreativitet og sosial samhandling. Faget skal leggja til rette for musikkglede og kjensla av meistring, og elevane skal få erfara at stemme tyder noko i fellesskapet. Elevane skal møte eit mangfald av kunstnariske og kulturelle uttrykk som opnar dører til større fellesskap. Møte med levande musikk er ein del av dette, og elevane skal få oppleva at folkemusikk og samisk musikkultur er viktige deler av vår felles kultur og kulturarv.

Veke 34 - 37	Emne: Songleik og Bli'me	
<p>Mål for opplæringa er at eleven skal kunna: Utøva eit reportoar av musikk, song, andre vokale uttrykk og dans frå samtida og historia.</p> <p><u>Kjerneelement</u></p> <p>Utøva musikk: Aktiv deltaking med stemme og kropp i framføring, leik og ulike musikalske sjangrar.</p> <p>Oppleva musikk: Lytta aktivt til musikk for å opna for erfaringar frå det kvardagslege møtet med musikk.</p> <p>Kulturforståing: Korleis song og musikk er knytt til og har tyding for kulturen den spring ut av. Musikken si meining vert skapt når musikk blir brukt i sosiale samanhengar, og musikk gir meining til sosiale hendingar og ritual.</p> <p><u>Grunnleggjande dugleikar</u></p> <p>Munnlege ferdigheiter: Bruka stemmen variert i song til å gjengi musikalsk stoff. Formidla song saman med dans/enkle rørsler.</p> <p><u>Tverrfaglege tema</u></p> <p>Folkehelse og livsmeistring: Utvikla evne til å uttrykka seg gjennom song og dans. Fellesskapet rundt musikk byggjer relasjonar mellom menneske, gir meistring og bidreg til positivt sjølvbilete.</p>		
Lærebøker og anna materiell	Omgrep	Læringsmål m/undervegsvurdering
http://www.folkepedia.no/ (songdans/leik i menyen til venstre) Har vell du sett, Vil ikkje du, Det står ein friar uti garden.	songleik, kroppsperskusjon.	Delta i og læra songleikar frå eldre og nyare tid. Undervegsvurdering: Vurdering gjennom tilbakemelding og kroppsspråk (Klappar dei i

		rytme? Brukar dei stemmen sin?) Skapa tryggleik i å utfalda seg musikalsk.
--	--	--

Veke 38 - 40	Emne: Rytme
---------------------	--------------------

Mål for opplæringa er at eleven skal kunna: Lytta til, eksperimentera og skapa nye uttrykk med instrument, kropp, stemme eller lyd frå andre kjelder, og presentera resultatet.

Kjerneelement

Utøva musikk: Aktiv deltaking med kropp i samspel og leik i ulike musikalske uttrykk og sjangrar.

Laga musikk: Arbeida kreativt med å organisera og setja saman musikken sine grunnelement til noko nytt.

Grunnleggjande dugleikar

Å kunna rekna: Forstå og bruka musikken sine grunnelement, som puls, takt, rytmar. Utforska og eksperimentera med mønster og strukturar.

Lærebøker og anna materiell	Omgrep	Læringsmål m/undervegsvurdering
Trampa puls og improvisera rytmar (call and response) eller senda rytme rundt. Dei elevar som vil kan også improvisera rytmar som medelevar gjentek. Rytmekort med ulike rytmar: Øving i å lesa + prøva å klappa dei. Dance monkey - perkusjon Her er godt å være Bodypercussion beginner , Bodypercussion for kids... Funky bodypercussion groove , eller andre som elevane sjølv søker opp.	rytme, puls, takt, utakt, sakking, auking.	Forståing for kvifor rytme er viktig i musikk Kunna lesa, laga, utøva og skildra enkle mønster og strukturar. Visa kreativitet og fantasi i skapande arbeid. Setja saman rytmar i grupper, og framføra for medelevar. Undervegsvurdering: Naturleg justering av rytmikk frå lærar si side bidreg til at elevane evaluerer seg sjølv ved bruk av gehør. Klare forventningar til deltaking og gi ros undervegs. Vera konkret med kva som kan betrast.

Veke 42 - 47	Emne: Dans
---------------------	-------------------

Mål for opplæringa er at eleven skal kunna: Utøva eit repertoar av musikk, song, andre vokale uttrykk og dans frå samtida og historia.

Kjerneelement

Utøva musikk: Aktiv deltaking med kropp, framføring og leik i ulike musikalske sjangrar. Få erfaring med å dansa i ulike samasnhengar. Øva handverk, uttrykk og formidling i kreative prosessar.

<p>Oppleva musikk: Lytta aktivt og sansande og få øving i å gi uttrykk for musikalske erfaringar.</p> <p>Kulturforståing: Forstå korleis songen og musikken som elevane utøver og opplever har tyding for kulturen den spring ut av. Forstå eigne og andre sine musikalske uttrykk, bidreg til kulturell kompetanse. Dans som estetisk uttrykk er påverka av, og er uttrykk for, historiske og samfunnsmessige forhold.</p> <p>Grunnleggjande dugleikar</p> <p>Å kunna rekna: Forstå og bruka musikken sine grunnelement, som puls, takt, rytme. Utforska og eksperimentera med mønster og strukturar. Rekna på tid og rom når ein dansar.</p> <p>Digitale ferdigheiter: Følgja reglar for opphavsrett i møte med eigne dans og andre sin dans. Bruka digitale verktøy kreativt til å gjera opptak.</p> <p>Tverrfaglege tema</p> <p>Folkehelse og livsmeistring: Utvikla evne til å uttrykkja seg gjennom dans. Fellesskap rundt musikk byggjer relasjonar mellom menneske, gir mestringskjensle og bidreg til positivt sjølvbilette, når musikken sine faglege og estetiske dimensjonar vert ivareteke.</p>	
Lærebøker og anna materiell	Læringsmål m/undervegsvurdering
<p>Veke 42-43: Dansa linedance, polka og/eller hallingrørsler.</p> <p>Rørslelotto</p> <p>Veke 44-46: Laga dans. Laga kriterier og velja musikk først, og arbeida i grupper etterpå. Filma seg sjølv, sjå kva dei må øva meir på og øva vidare.</p> <p>Veke 47: Finna og lære folkedans frå landet dei arbeidar med i Europa storyline.</p> <p>Framføra som ein del av presentasjonen i veke 48.</p>	<p>Kunna beherska ulike dansar frå Noreg og andre kulturar.</p> <p>Uttrykkja eigne idear, tankar og kjensler gjennom bevegelsar og dans.</p> <p>Kunna delta i framføring med lært dans og eigenkomponert dans.</p>

Veke 48 - 49	Emne: Notelære
<p>Mål for opplæringa er at eleven skal kunna: Lesa enkle noter og spela noter frå C-durskala på piano.</p> <p>Kjerneelement</p> <p>Laga musikk: Arbeida kreativt ved å organisera og setja saman musikken sine grunnelement til noko nytt eller omforma noko kjent. Uttrykkja seg og lytta bevisst i skapande prosessar. Erfaring med ulike måtar å laga musikk på.</p> <p>Grunnleggjande dugleikar</p> <p>Å kunna skriva: Ta i bruk ulike former for analog og digital notasjon som gir støtte til å utøva, laga og oppleva musikk og dokumentera prosessar og resultat. I dette inngår grafisk notasjon, noter og besifring. Bli kjent med og kunna bruka enkle notasjonsteknikkar.</p> <p>Å kunna lesa: Tolka og forstå ulike musikalske tekstar (nedskrivne musikalske teikn og symbol). Kjenna att, samtala om og bruka enkle teikn og symbol, og bruka desse i musikalsk samhandling.</p> <p>Å kunna rekna: Forstå og bruka musikken sine grunnelement, som puls, takt, rytmar, tonehøgde. Utforska og eksperimentera med mønster og strukturar.</p>	

Lærebøker og anna materiell	Omgrep	Læringsmål m/undervegsvurdering
Enkel notelære C-dur skala på piano online piano	takt, rytme, tonehøgde, note, heilnote, halvnote, firedelsnote, åttendelsnote, skala, fullstendig notebilete, akkordar.	<p>Kunna symbol for dei vanlegaste noteverdiane.</p> <p>Kunna tolka eit notebilete. Finna rytme ut frå noter.</p> <p>Teikna C-dur skala og finna desse tonane på eit piano.</p> <p>Spela ein julesong med online piano.</p> <p>Laga kodemeldingar ut frå tonenamn i C-dur skala, eller laga eigne melodiar med tonane frå C-dur skalaen.</p> <p>Undervegsvurdering: Tilbakemelding på korleis elevane teiknar noter ut frå "strofe" som lærar syng/klappar, og korleis C-durskala er teikna.</p>

Veke 50 - 51	Emne: Jul
<p>Mål for opplæringa er at eleven skal kunna: Utøva eit repertoar av musikk, song, andre vokale uttrykk og dans frå samtida og historia.</p> <p>Kjerneelement</p> <p>Utøva musikk: Aktiv deltaking med stemme (og instrument?) i samspel og framføring i ulike musikalske uttrykk og sjangrar. Få erfaring med å synga (og spela?) i ulike samanhengar.</p> <p>Opplæringa: Lytta aktivt og sansande - noko som opnar for emosjonelle erfaringar frå det kvardagslege til dei eksistensielle møta med musikk. Gi uttrykk for musikalske erfaringar.</p> <p>Kulturforståing: Forstå korleis song og musikk som elevane opplever og utøver har feste og tyding i kulturen den spring ut frå. Å kunna forstå eigne og andre sine musikalske uttrykk, å utøva musikk og oppleve musikk både føreset og bidreg til kulturell kompetanse. Musikken si meining vert skapt når musikk blir brukt i sosiale samanhengar, og musikk gir meining til sosiale hendingar og ritual.</p> <p>Grunnleggjande dugleikar</p> <p>Munnlege ferdigheiter: Bruka stemmen variert i song til å gjengi og formidla musikalsk stoff. Reflektera over musikalske erfaringar og opplevingar. Kunna formidla enkelt musikalsk stoff og fortelja om eigne opplevingar og bruka enkle verkemiddel til å skildra estetiske opplevingar og musikalske verkemiddel.</p> <p>Tverrfaglege tema</p>	

<p>Folkehelse og livsmeistring: Fellesskapet rundt musikk byggjer relasjonar mellom menneske, gor mestringskjensle og bidreg til positivt sjølvbilete, når musikken sine faglege og estetiske dimensjonar blir ivaretekne. Musikk er ei ressurs for å kjenne att, setja ord på og handtera tankar og kjensler, i medgang og motgang. Kunstnariske uttrykk gir moglegheit for å forstå både eige og andre sitt kjensleliv betre, og dette legg grunnlag for god psykisk helse.</p>	
Lærebøker og anna materiell	Læringsmål m/undervegsvurdering
Songbøker og youtube/spotify. Musikkbingo - julsongar.	<p>Kunna presentera "min favorittjulesong" ut frå kriterier.</p> <p>Kjenna att og synga eit utval tradisjonelle og moderne julesongar.</p> <p>Undervegsvurdering: Tilbakemelding på kroppsspråk (brukar dei stemmen sin? Står dei oppreist og pustar godt? Formidlar dei teksten? Syng dei med flyt melodilinjene?)</p> <p>Skapa tryggleik i å utfalda seg musikalsk.</p>